

Universitet og høyskular

Deres ref.:

Vår ref.: 2009 /3444-1 VAM000-300

Dato: 07.05.09

Utlysning av midlar til prosjekt innan IKT-støtta utdanning og livslang læring 2010 – prekvalifisering.

Norgesuniversitetet lyser med dette ut midlar til prosjekt innan IKT-støtta høgre utdanning og livslang læring for 2010. Alle norske høgre lærestader kan søkje. Kunnskapsdepartementet har gitt føringar for bruken av prosjektmidlane - sjå vedlagte rettleiing for søkjarar. Informasjon om utlysinga finst på NUV sin nettstad: <http://norgesuniversitetet.no>

Storleiken på Noregsuniversitetets prosjektpott 2010 vil fyrst bli klar etter behandlinga av statsbudsjettet for 2010 til hausten. Denne utlysinga er derfor gjord med atterhald om Stortingets budsjettvedtak. Ein del midlar vil gå til førehandstilsegner gitt i søknadsrunden for 2009.

Føringane for 2010-utlysinga speglar at Noregsuniversitetet også i år vil leggje vekt på einskilde satsingsområde, og siktar mot å få mest mogeleg interessante prosjekt innanfor dei tre prioriterte områda:

- pedagogisk utviklingsarbeid og bruk av IKT
- samarbeid mellom arbeidslivet og høgre utdanning
- opne ressursar, deling og samarbeid

Øvre ramme for løyving pr prosjekt er 1,5 mill. kr, og det blir kravd minst 1/3 eigenfinansiering frå søkjarinstitusjonane. Det blir også stilt krav til dokumentasjon og formidling av resultat.

For å sikre kvaliteten på søknadsprosessen held vi fram med ein to-trinns prosess - med prekvalifisering gjennom innsending av projektskisse før fullstendig søknadsrunde. Slik ønskjer vi å få inn mange kortfatta søknader i fyrste runde, mens det meir omfattande arbeidet med fullstendig søknad berre blir kravd av dei prosjekta som går vidare.

Frist for å sende inn søknad til prekvalifiseringa er 15. september 2009.

Prosjekt som går vidare til andre søknadsrunden, blir informerte frå Noregsuniversitetet om dette etter ei fyrste vurdering, og blir bedne om å levere fullstendig søknad.

Norgesuniversitetet

NO-9037 Tromsø, tlf +47 400 04 189, e-post post@norgesuniversitetet.no, <http://norgesuniversitetet.no>
Vigdis Amundsen, kontorsjef, tlf +47 77 64 59 57/952 80 741, faks +47 77 64 59 60
e-post : Vigdis.Amundsen@norgesuniversitetet.no

Norgesuniversitetets søknadsskjema skal nyttast, sjå vedlegg. Søknad skal sendast som vedlegg til e-post til post@norgesuniversitetet.no. Alle søknader skal sendast via/vere godkjente av den sentrale leiinga til søkjarinstitusjonen. Oversendingsbrev om alle søknader, med underskrift frå den sentrale leiinga på institusjonen, skal samtidig sendast til:

Norgesuniversitetet, 9037 Tromsø.

Søkjarinstitusjon treng ikkje prioritere mellom egne søknader.

Eventuelle søknader som blir sendte direkte frå institutt/avdeling utan godkjenning frå leiinga ved institusjonen, stadfesta gjennom oversendingsbrev, vil ikkje bli behandla. Søkjarane må sjølv sikre at ein har gode nok interne rutinar for dette, så godkjenning er gitt og brev blir sendt innan søknadsfristen.

Rettleiing for søkjarar 2010 følgjer som vedlegg. Fullstendig utlysing med lenkjer til rettleiing og søknadsskjema finst på nettstaden til Norgesuniversitetet, sjå <http://norgesuniversitetet.no/utlysninger/utlysning2010>.

Spørsmål kan rettast til Vigdis.Amundsen@norgesuniversitetet.no (tlf. 77 64 59 57/952 80 741) eller Gunnar.Myklebost@norgesuniversitetet.no (tlf. 776 44 224/915 90 727).

Med vennleg helsing

Eva Gjerdrum
direktør

Vigdis Amundsen
kontorsjef

Vedlegg:
Rettleiing for søkjarar
Søknadsskjema

Kopi til:
Kunnskapsdepartementet
Universitets- og høgskulerådet
Kontaktpersonane i Nettverk for fleksibel og livslang læring